

MØTEBOK 23.10.2025

Tidspunkt: Måndag 23.10.25 – kl 18:00 – 21:30

Stad: Banken

Desse møtte: Tor Helge Haara Tjemsland, Nils Vetle Medhus, Anita Rabba, Andre Botnen

Forfall: Anna Seim, Randi Legård (vara)

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Saker til styremøte:

Sak 28/25: Meldingssaker

Sak 29/25: Eventuelt/Informasjon hendingar frå førre møte

Sak 30/25: Arbeid med beiterreglar, beitefelt o.l. på statsallmenninga

Sak 31/25: Godkjenning referat allmannamøte

Sak 32/25: Oppsummering reinsdyrjakt 2025

Sak 33/25: Høyringsuttale: «Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda»

Sak 34/25: Høyringsuttale: «Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde»

Sak 35/25: Høyringsuttale: «Tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder»

Sak 36/25: Tenestekjøp frå FHas for 2026

Sak 28/25: Meldingssaker

Saksdokument:

Saksutgreiing:

2025.06.02-612.0-V.Kaalhaug-Ettersøksavtale storvilt
2025.06.04-335.1-J.Hustoft-Angående ny beiteleigekontrakt Ståvassvikja
2025.06.04-612.1.-Villreinnemnda-Tildelte dyr Hardangervidda 2025 og bestilling av CWD-prøvesett
2025.06.04-335.1-Røldal fjellstyre-SV-Angående ny beiteleigekontrakt Ståvassvikja
2025.06.04-012.1.1.-Røldal fjellstyre-Innkalling fjellstyremøte 05.06.2025
2025.06.05-335.1-O.Rabbe-Juridisk-vurdering bruksrettar - brev til Røldal Fjellstyre
2025.06.05-046.6-K.C.Hylland-Utstillarinformasjon Røldalsmarknaden 2025
2025.06.11.-37.-NVE-Invitasjon til befarng 2-3 september.
2025.06.11-612.2-Hjorteviltregisteret-Fellingsløyve elg 2025
2025.06.11-612.2-Hjorteviltregisteret-Fellingsløyve rådyr 2025
2025.06.11-612.2-Hjorteviltregisteret-Fellingsløyve hjort 2025
2025.06.11-612.0.-Ullensvang kommune-Vedr. fellingsløyve 2025
2025.06.12-612.0-Røldal fjellstyre-Signert ettersøkshundavtale
2025.06.16-612.3-Ullensvang kommune-Dispensasjon for tillatelse til kvotefri jakt på hjortekalv
2025.06.18-36.-Røldal fjellstyre-Førespurnad kjøp av tomt RSK
2025.06.18-652.2-Lyse kraft-Oppdatering av utsettingsregime for Røldal Suldal kraftverk Suldal og Ullensvang kommuner
2025.06.18-652.1-Røldal fjellstyre-SV-Oppdatering av utsettingsregime for Røldal Suldal kraftverk Suldal og Ullensvang kommuner
2025.06.19-43.-TUV-Motorferdsel i Hardangervidda nasjonalpark under villreinjakta 2025
2025.06.19-36.-Lyse kraft-SV-Førespurnad om kjøp av del av eigedom gnr.bnr. 2821
2025.06.19-046.6-K.C.Hylland-Utstillarinformasjon Røldalsmarknaden 2025
2025.06.19-612.3.-Villreinnemnda-Informasjon fra villreinnemnda om jakt på Hardangervidda 2025
2025.06.23-612.1-Røldal fjellstyre-Tilbod - fellingsløyve frå Røldal Fjellstyre
2025.06.23-612.3.-Villreinsenteret-Kort oppsummering kalveteljning HV 2025 og dropping kamerasendarar
2025.06.29-612.3-Røldal fjellstyre-Innsending av kjevar
2025.06.29-612.3.-Røldal fjellstyre-Plassering av kjevekasse i Røldal
2025.07.01-612.3.-Ullensvang kommune-Lansering av rettleiarar for etablering av hjorteoppdrett og vilthandsamingsanlegg
2025.07.01-612.3-Ullensvang kommune-Utvidet jakttid for elg og hjort i 2025-2028 Oppsummering vurdering og anbefaling
2025.07.02-612.3-KLD-Høringsbrev - Forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnormen for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder
2025.07.03-612.3-Villreinutvalet-VS Høringsbrev - Forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnormen for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder
2025.07.10-612.2-Ullensvang kommune-CWD sett
2025.07.10-612.3-Villreinnemnda-Fellingstillatelse for villrein Hardangervidda-42
2025.07.10-612.1-Røldal fjellstyre-Høyringsssvar til fredningssoner hjå Ullensvang fjellstyre

2025.07.24-TUV-Løyve til motorferdsel ifbm fiskeutsetting Røldal statsallmenning
2025.07.24-012.1-Røldal fjellstyre-Møtebok fjellstyremøte 05.06.2025
2025.08.06-652.1-Røldal fjellstyre-Hjelp til fiskeutsetting
2025.08.11-43.-Røldal fjellstyre-Retur brukt motorferdselsløyve
2025.08.11-612.1-Røldal fjellstyre-Info og dokumenter-reinsjakt 2025
2025.08.11-612.1-Røldal fjellstyre-Informasjon om reinsdyrjakta på Røldal SA 2025
2025.08.12-37.-Statskog-Vedr. invitasjon til befarung - Røldal Suldal reguleringen
2025.08.16-612.3-TUV-Møtedato for arbeid med høyringsuttale på forslag til tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein på Hardangervidda.
2025.08.16.-612.3.-Røldal fjellstyre-Førebels tankar rundt tiltaksplan - Røldal fjellstyre
2025.08.19-441.-Røldal fjellstyre-Båtvrakprosjektet Røldal statsallmenning
2025.08.20-612.3.-Villreinutvalet-Høring sti og løypeplan Hardangervidda
2025.08.27-035.2.-Røldal fjellstyre-Utkast leigekontrakt Ståvassvikja
2025.09.04.-612.3.-Villreinutvalet-Invitasjon til dialogmøter Felles sti- og løypeplan Hardangervidda
2025.09.05-612.0.-Ullensvang kommune-Orienting før jakta - Høringsutkast strategi for forvaltning av hjortevilt
2025.09.08.-35.-Ullensvang kommune-Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Detaljreguleringsplan for Skarsmoen
2025.09.09-441.-Røldal fjellstyre-Angående kabel frå stasjon på Snønut
2025.09.09-441.-Indonor-SV-Angående kabel frå stasjon på Snønut
2025.09.09.-37.-K. Flydal-RSK tilleggsutredning villrein
2025.09.10-012.1.1.-Røldal fjellstyre-Allmannamøte 02.10.2025
2025.09.10-012.1.1-A. Drangevåg-Jakta i heim fjella
2025.09.10-612.3.-Villreinutvalet-Utale høring tiltaksplan villrein Hardangervidda
2025.09.11.-37.-K. Nærheim-Uttale Røldal Suldal Kraft - Votna
2025.09.15.-612.3-Villreinsenteret-Løyve til landing - strukturteljing
2025.09.15.-612.3.-Røldal fjellstyre-Løyve til landing - strukturteljing
2025.09.16.-37.-K.Flydal-Møtereferat RSK tilleggsutredning villrein
2025.09.17.-43.-Røldal fjellstyre-Høyring av ny lokal forskrift for motorferdsel i utmark og vassdrag
2025.09.17.-37.-Røldal fjellstyre- Innspel NVE - vilkårsrevisjon - tilleggscommentar i etterkant av befarung 03.sep
2025.09.18.-612.1.-Naturvernforbundet Agder-Høyringsuttale forslag til tiltaksplanar Setesdal Ryfylke
2025.09.18.-012.1.1.-Tommy Sandal-Innspel til ope møte 02.10
2025.09.19.-612.3.-Villreinnemnda-Informasjon til valdansvarlige om levering av fellingsrapport og kontrollkort
2025.09.23.-035.2.-Ullensvang kommune-Tilsynsrapport brannvern Hadlene
2025.09.23.-035.2.-Ullensvang kommune-Tilsynsrapport brannvern Ulevåbotnen
2025.09.23.-035.2.-Ullensvang kommune-Tilsynsrapport brannvern Midtfjellsvollen
2025.09.23.-035.2.-Ullensvang kommune-Tilsynsrapport brannvern Ståvassvika
2025.09.24.-37.-K.Flydal-SV oppdatert møtereferat RSK tilleggsutredning villrein
2025.09.24.-612.3-KLMD-Invitasjon til åpent høringsmøte om tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
2025.09.24.-612.3.-Sogn Naturforvaltning-Råd- og rettleiingsbehov i villreinforvaltinga

2025.09.25.-612.3.-Villreinutvalet-VS Invitasjon til åpent høringsmøte om tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
2025.09.25.-612.3.-Villreinutvalet-VS Råd- og rettleiingsbehov i villreinforvaltinga
2025.09.29.-612.3.-Villreinutvalet-Orientering om vår tilråding om revisjon av eldre forskrifter
2025.10.03.-145.9.-NFS-Rapportering av friluftsmidler 2025
2025.10.03.-612.3.-FH-Innspill til høring tiltaksplan
2025.10.03.-612.3.-Sogn naturforvaltning-Råd- og rettleiingsbehov i villreinforvaltinga
2025.10.06.-612.3.-Røldal fjellstyre-VS Invitasjon til åpent høringsmøte om tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
2025.10.09-145.9-Røldal fjellstyre-Søknad Bærekraftfondet
2025.10.09.-612.1.-UINN-Evaluering av arealplaner i villrein fjellet

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Gjennomgang av meldingssakene ved leiar.

Leiar orienterte rundt båtvrakprosjektet, garasjeprosjekt, skyttarhytta på Haukeli. Einigheit om å kontakte skyttarlaga som har med hytta der å gjere, for å høyre kva dei tenker framover.

Orientering rundt telenor-kabelen til Verjesteinsnuten. Denne kan nå kappast og ryddast opp i. Gjennomgang av brannvernrapportane for stølane på Haukeli. Diskusjon rundt tiltaka som må gjerast med stølane. Fjellstyret prioriterer å fjerne/erstatte asbestholdig materiale i 2026.

Vedtak (sak 28/25):

Fjellstyre tek meldingsakene til vitande.

Fjellstyret fjerner, eller erstattar, det som funnet av asbestholdig materiale.

Samrøystes.

Sak 29/25: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

- 2025.10.14-441.-Røldal fjellstyre-Rapport opprydjingsprosjekt 2025
- 2025.08.06-652.4-Røldal fjellstyre-Rapport tynningsfiske Øvre Hellevatn 3- 4 august
- 2025.10.16.-035.2.-Røldal fjellstyre-Rapport oppgradering av gamal utedo på Ninive

Saksutgreiing:

- Fiskekultivering: Gjennomførte eit døgn oppfisking i Øvre Hedlevatn. Fekk nyttige data som kan brukast for å gjennomføre ei ordentleg oppfisking i 2026.

- Har rydde ein del rape i sommar. Det ligg eit deponi klar i Vassdalseggja. I tillegg så har me samla sammen mykje rundt Kaldevatnet/Høgshedler. Det er også nokon gamal rape/bølgeblekk etter dei gamle stølshusa i Ståvassvikja.
- Tor Helge og Nils Vetle deltok på befaring i regi av NVE i samband med konsesjonssøknaden til LYSE KRAFT DA.
- Det har vorte gjennomført branntilsyn på alle stolar og hytter på Haukeli. Det er lite overraskande at me har litt å ta tak i der.
- Tor Helge har gjennomført asbestsanering i eit uthol ved Ninive. Ein må syte for å få dette trygt heim i vinter.

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Referat:

Gjennomgang av hendingar sidan førre møte.

Ynskje frå leiar om oppfisking i Øvre Hedlevatn i 2026. Diskusjon rundt tiltaka/arbeidet som i såfall må gjerast der.

Spørsmål frå leiar om utdeling av støtte til allmennyttige formål. Det er sett av kr 20 000 i budsjettet for 2025. Innspel frå André om støtte til innkjøp av treningsklær til skuleborna. Idrettslaget har vedtatt å kjøpe dette til alle elevane som ynskjer. Forslag frå leiar om støtte til Blåsalen (ifbm med oppussinga), eller til skyttarlaget (sponsing av gratis miniatyrskyting til born). Vidare diskusjon rundt dette.

Spørsmål frå Nils Vetle om fjellstyret burde gå til innkjøp av diverse «reklameeffektar» for å ha noko meir å vise til på marknaden. Fjellstyret stilte seg bak dette. Nils Vetle sjekkar opp kva alternativ ein har.

Vedtak (sak 29/25):

Fjellstyre undersøker nærmare rundt tilskot til allmennyttige føremål.
Fjellstyre tek orienteringane elles til vitande.

Samrøystes.

Sak 30/25: Arbeid med beiterreglar, beitefelt o.l. på statsallmenninga

Saksdokument:

- 2025.06.20.-335.1.-NFS-Svarbrev til Røldal grunneigarlag - beite - merknad frå NFS

Saksutgreiing (THHT):

Det har vore noko progresjon i denne saka. Men ikkje mykje. Visar til vedtak i sak 25/25. Ein har forsøkt å sjekke ut eventuelle habilitetsutfordringar. Her har me fått få avklaringar. Anbefalinga er nok å vere særstreng på vurderingar som fører til inhabilitet.

Det var vore kontakt med NFS, og me har fått deira innspel i saka. Visar til dess i sin heilheit. Kort oppsummert, så vert ikkje vår problemstilling vurdert til å vere av prinsipiell karakter. Ein vil soleis ikkje få økonomisk støtte til eventuelle juridiske vurderingar. NFS går også langt i å fraråde oss å be om ekstern juridisk støtte, då deira synspunkt er at saka framstår som «opplagt».

Underteikna har ikkje utforma noko svarbrev til Røldal Grunneigarlag per no. Dette har rett og slett vorte nedprioritert og gløymt. I og med det er vorte så gale, så vurderar sakshandsamar det slik at fjellstyret bør diskutere den nye informasjonen i saka. Med bakgrunn i dette, bør ein bestemme seg for vegen vidare.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering om saka og progresjon sidan førre møte ved leiar.

Leiar presenterte alternativ til vegen vidare. Fjellstyret har hatt dialog med NFS. Dei frarådar å betale for ei juridisk vurdering. Fjellstyret vert einige om å lage ei oppsummering av tilbakemeldinga.

Forslag frå leiar om vidare dialog med Røldal Grunneigarlag om saka.

Vedtak (sak 30/25):

Fjellstyre held fram med dialogen med Røldal Grunneigarlag om saka.
Fjellstyre betalar ikkje for juridisk vurdering i denne omgang.

Samrøystes.

Sak 31/25: Godkjenning referat allmannamøte

Saksdokument:

- 2025.10.02.-012.1.2.-Røldal fjellstyre- Referat allmannamøte 02.10

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret arrangerte allmannamøte torsdag 02. oktober kl.: 18:00 i Blåsalen. På sakslista hadde ein:

1. Høyringsuttale: «Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda»
2. Høyringsuttale: «Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde»
3. Fjellstyrehyttene – vedlikehald, utleige, standard
4. Organisering av reinsdyrjakta
5. Høyringsuttale: «Lokal forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune»
6. Ymse

Ein viser til det som kjem fram i referatet i sin heilheit. Sakshandsamar gjer merksam på at det ikkje er kome nokon innspel, som er relevante for dei tre høyringsuttalane, til fjellstyre i etterkant av møtet.

Framlegg til vedtak:

- Røldal fjellstyre godkjenner referatet frå allmannamøtet.
- Fjellstyret sender høyringsuttale for «Lokal forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune» som vedtatt i sak 47/24.
- Røldal fjellstyre går til innkjøp av «solcelledrevet» fryseboks til Eriksbu.

Referat:

Gjennomgang av referatet frå allmannamøte ved leiar.

Diskusjon rundt organiseringa av reinsjakta på statsallmenningen.

Leiar orienterte rundt høyringsuttalane som vart diskutert i allmannamøte.

Ingen nye innspel til uttalen «Lokal forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune» frå fjellstyre.

Einigheit i fjellstyre om å gå til innkjøp av «solcelledrevet» frysebok til Eriksbu.

Vedtak (sak 31/25)::

Røldal fjellstyre godkjenner referatet frå allmannamøtet.

Fjellstyret sender høyringsuttale for «Lokal forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune» som vedtatt i sak 47/24.

Røldal fjellstyre går til innkjøp av «solcelledrevet» fryseboks til Eriksbu.

Samrøystes.

Sak 32/25: Oppsummering reinsdyrjakt 2025

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

På Syd:

Det vart felt 1 vaksen bukk. Ingen andre observasjonar i jakttida. Elles nokon «rykter» om dyr rett rundt jaktstart. Både i Breifonna og i Sveigen.

På Nord:

Reinsdyrjakta 2025 har vore særst bra. På HA280 var fjellstyret tildelt 104 fellingsløyver på vaksen bukk, 10 frie dyr og 10 kalvar. På HA300 fekk me eit kalvakort. Me selde totalt 73 fellingsløyver til innanbygdsbuande (52 jegarar), og 24 til utanbygdsbuande (19 jegarar).

Innanbygdsjegarar, som har kjøpt fellingsløyver av fjellstyret, kunne fritt bruke fellingsløyver utskrevet på andre vald også på HA280. Det var ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang Statsallmenning, tilsvarande den som har vore dei siste åra. Fjellstyret hadde og ein samjaktavtale med HA290 – 8 jegarar nytta seg av denne avtalen. Som ein konsekvens av noko uheldige omstendigheitar vart det tildelt overgangsavtale til to fleire jegerar tilhøyrande eit anna jaktvald.

Det vert offisielt registrert felling av 52 dyr på statsallmenningsløyvene. Av desse var det 51 vaksne bukkar, og ein 1.5 årig bukk. Dette betyr me får ein fellingsprosent på 45.6% (om ein ikkje reknar med kalvakorta). Reknar ein med alle korta vert fellingsprosenten 41.9% (det er truleg dette talet som vert det offisielle). Tar ein med i berekninga at det er ei tilnærma rein bukkejakt, på ei sær s lita stamme, så er dette eit høgt fellingstal. I Hedlevass har det vore relativt dårleg/beskjeden jakt (kanskje så få som seks felte dyr), der er heimfjella som til dei grader har vore staden i år også. Tilbakemeldingane tydar også på at det har vore få folk på jakt i Hedlevass. Noko kan truleg forklarast med dårleg vør, og dårleg vindretning. Men truleg skuldast det nok mest at det er var bra med dyr i heimfjellet.

Me veit at også det er felt ein god del fleire dyr på statsallmenninga, men då på andre løyver enn våre, som HA300, HA290 og HA282.

Grafen under visar korleis fellingane fordelar seg utover jakttida.



Rapporteringsmessig har det i år vore sær s bra. Innanbygdsjegarane våre vert stadig flinkare, og er relativt pliktoppfyllande. Alle dyra vart i år registrerte digitalt. Alle var registrerte med strekkode, noko som me håpar betyr at det er tatt minst 52 gode cwd-prøvar.

Når det gjeld nøyaktige slaktevekte, så har også dei fleste rapportert dette..

Offisielt vert 42 av dyra (80.1%) felt av innanbygdsbuande. Dette betyr sjølv sagt at 10 dyr, altså 19.2% vart felt av utanbygdsbuande. Innanbygdsbuande «disponerte» 73 av 114 kort (altså 64.0%). Utanbygdsbuande hadde 24 av 114 kort (21.1%). Legg ein desse tala til grunn, ser at

innanbygdsbuande felte dyr på 57.5% av dei disponerte korta. Utanbygdsbuande felte dyr på 41.7% av dei disponerte korta. Elles kjem dataa fram i tabellane under:

Antal fellingar utanbygds	10	Samla fellingsprosent (ut frå tildelte kort)	
kort utanbygds	24		
jegarar	19	Tildelt kalv:	10
fellingsprosent	41,7 %	Tildelt fritt dyr:	10
		Tildelt bukk over 2.5 år:	104
		Sum:	124
		Felt kalv:	0
Antal fellingar innanbygds	42	Felt simle/ungdyr:	1
kort innanbygds (inkl kalv)	93	Felt bukk over 2.5 år:	51
kort innanbygds (eks kalv)	83	Sum:	52
jegarar	52		
fellingsprosent (inkl kalv)	45,2 %		
fellingsprosent (eks kalv)	50,6 %	Fellingsprosent:	41,9 %
		Fellingsprosent (utan kalv):	45,6 %
		Fellingsprosent (berre bukk):	49,0 %

Ei utvikling som har vore ny dei siste åra, er at det vert svært få jegarar i Hedlevass. Dette gjeld også utanbygdsjegarane. Det verkar som utanbygdsjegarane har endra «åtferd». Dei kommuniserer mykje meir med kvarandre, og nyttar sosiale medier for å dele informasjon. Underteikna har spekulert i om dette er årsaka til at ein ser det er fleire jegarar i heimfjellet. Nokon stader er det naturleg å byrje å stille spørsmål om det kanskje vert i overkant store jegerkonsentrasjonar. Fjellstyret bør sjå på kva moglegheit ein har for å fordele jegarane betre rundt om i statsallmenninga.

Dei inngåtte samjaktavtalane har fungert bra, det er ikkje kome tilbakemeldingar som tilseier noko anna. Underteikna har ikkje motteke nokon «rapportar» om felling på andre vald. Ein veit at det i eit par tilfeller vart jakta på Røldal SA av jegarar tilhøyrande på Ullensvang SA. Blant anna fekk ein fyrstegangsjege skote seg eit dyr i Hedlevass. Dette er kjekt! Elles har det truleg også i år vore ein del fellingar på Røldal statsallmenning av jegarar med fellingsløyve på andre vald.

Det vart ein uheldig situasjon i jakta, kor eit par dyr vart felte på statsallmenninga utan godkjent overgangsavtale. Etter dialog med fjellstyret, greidde ein å kome fram til ei minneleg løysing med jegarane, omtrent tilsvarande som avtala undervegs.

Til slutt kan underteikna oppsummere litt erfaringar på korleis arbeidet med fellingsløyver har fungert i 2025. Søknad på mail, fungerte like godt som tidlegare år. Kortutdeling på marknaden fungerer særskilt bra. Dei som ikkje hentar, får tilsendt i posten, noko som også fungerer bra. Kommunikasjon med jegarane før/under jakta fungerer ikkje så bra. Underteikna er uroa for at mange av våre lokale jegarar ikkje kan lese. Dei ringer i alle fall ofte og spør om informasjon dei kunne lest seg til. Dette genererer noko ekstraarbeid – men ein får vere glad dei spør. Om ikkje anna.

Å få fellingsløyva i retur gjekk særskilt bra i 2025.

Pga sjukdom refunderte underteikna 80% av kostnaden til jaktkorta til ein av våre utanbygdsjegarar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.

Sekretær for å oppgåve til neste møte å leggje fram sak som tydeleggjer kva alternative tiltak ein kan innføre for å fordele jegarane rundt om i statsallmenninga. Ein ber om ei utgreiing som visar om ein kan differensiere mellom utanbygds og innanbygdsjegarar.

Referat:

Oppsummering av kortsalet og jakta i 2025 ved leiar.

Forslag frå leiar om at fjellstyre ser på kva alternative tiltak ein kan innføre for å fordele jegarane rundt om i statsallmenninga. Leiar føreslår at sekretær ser på dette og lagar ei utgreiing som visar om ein kan differensiere mellom utanbygds og innanbygdsjegarar, til neste fjellstyremøte. Ein skal då også sjå om ein lovleg kan innføre depositum på sal av kort til utanbygdsbuande.

Vedtak (sak 32/25)::

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.

Sekretær for å oppgåve til neste møte å leggje fram sak som tydeleggjer kva alternative tiltak ein kan innføre for å fordele jegarane rundt om i statsallmenninga. Ein ber om ei utgreiing som visar om ein kan differensiere mellom utanbygds og innanbygdsjegarar.

Samrøystes.

Sak 33/25: Høyringsuttale: «Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda»

Saksdokument:

- 2025.10.16.-612.3.-Fellesforslag Sti- og løypeplan
- 2025.10.23.-612.3.-Røldal fjellstyre- Høyringsinnspel Sti- og løypeplan Hardangervidda

Saksutgreiing (THHT):

Sakshandsamar visar til høyringsuttalen vedtatt av Ullensvang formannskap. Sakspapira finn ein på nettsida til kommunen.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering rundt saka ved leiar. Leiar gjekk gjennom utkast til høyringsinnspel for «felles sti- og løypeplan for Hardangervidda».

Ingen nye innspel frå fjellstyre til høyringsinnspelet.

Vedtak (sak 33/25)::

Fjellstyre vedtek høyringsinnspellet høyringsinnspel for «felles sti- og løypeplan for Hardangervidda». slik det ligg føre.

Samrøystes.

Sak 34/25: Høyringsuttale: «Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde»**Saksdokument:**

- 2025.10.09.-612.3.-Felles uttale til tiltaksplanen for Hardangervidda villreinområde
- 2025.10.23.-612.3.-Røldal fjellstyre- Høringssvar – Tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein for Hardangervidda

Saksutgreiing (THHT):

Sakshandsamar visar til vedlagt utkast til høyringsuttale. Uttalen er utarbeida fleire forskjellige aktørar på vestvidda, deriblant underteikna. Underteikna meiner soleis at dette er ein grundig uttale, som viss den vert vedtatt i organa til dei same aktørane, vil vere veldig sterk. Det er soleis eit viktig poeng at ein bør endre minst mogleg på uttalen.

Tor Helge anbefaler soleis at Røldal fjellstyre stiller seg bak uttalen slik den ligg. I tillegg bør me nemne spesifikt at det må vere uaktuelt å lage ein ny turiststi frå Middyr til Nupstjørn. Ein må presisere at vegen opp i Middyr er stengt med bom.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre stiller seg bak uttalen slik den ligg føre.

Ein skal i tillegg nemne:

- Ikkje turiststi frå Middyr til Nupstjørn.

Referat:

Orientering rundt saka ved leiar. Leiar gjekk gjennom utkast til høyringsinnspel for «Tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein for Hardangervidda».

Fjellstyre stiller seg bak fellesuttalen for Hardangervidda Vest og innspellet framlagt av leiar.

Vedtak (sak 34/25)::

Fjellstyre vedtek høyringsinnspellet for «Tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein for Hardangervidda» slik det ligg føre.

Samrøystes.

Sak 35/25: Høyringsuttale: «Tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder»

Saksdokument:

- 2025.10.16.-612.3-Høyringsuttale Tiltaksplan Setesdal Ryfylke villreinområde
- 2025.10.23.-612.3.-Røldal fjellstyre- Høringssvar – Tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder

Saksutgreiing (THHT):

Sakshandsamar visar til vedlagt høyringsuttale, skrevet for Ullensvang kommunestyre.

Underteikna meinar fjellstyret kan stille seg bak denne uttalen.

Ein bør i tillegg understreke at fjellstyret er sær positive til naturrestaurering på Haukeli. Ein bør diskutere om ein skal nemne at fjellstyret vil vere villige til å fjerne store delar av sin infrastruktur i det same området.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering rundt saka ved leiar. Leiar gjekk gjennom utkast til høyringsinnspel for «Tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder» slik det ligg føre.

Ingen nye innspel frå fjellstyre til høyringsinnspelet.

Vedtak (sak 35/25):

Fjellstyre vedtek høyringsinnspelet for «Tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder» slik det ligg føre.

Samrøystes.

Sak 36/25: Tenestekjøp frå FHas for 2026

Saksdokument:

- 2025.10.16.-Kvartalsrapport tenestekjøp FH - Røldal fjellstyre

Saksutgreiing (EVD):

Røldal fjellstyre fekk tilsendt fylgjande forslag til tenestekjøp frå FHas for 2025:

	2025		2024	
Røldal fjellstyre	Timar	Kostnad	Timar	Kostnad
Sekretariat	200	92400	175	74025
i ref. sekretariat	1	802	1	769
HF drift	128	59136	102	43113
Villreinjaktoppsyn	16,0	10189	18	10497
Anna feltarbeid(hytter, transport, brannvern,oppsyn fiske/småvilt m.m.)	150	95550	130	75790
SUM		258077		204194

Tilbakemeldinga frå FH har vore at 175 timar til sekretæriat og 160 timar til feltarbeid er passeleg til neste år.

Røldal fjellstyre er gjennom samarbeidsavtale (2023-2027) med FHas, forplikta til å kjøpe refusjonsberettiga tenester for minimum kr 110.000,- i avtaleperioden. (Beløpet skal aukast årleg, vekta med 1/3 KPI og 2/3 lønsvekst.)

Fjellstyret vedtok følgjande tenestekjøp for 2025:

Behovet vert då:

	2025	
Røldal fjellstyre	Timar	Kostnad
Sekretariat	175	80 850,-
i ref. sekretariat	1	802,-
Villreinjaktoppsyn	16	10 189,-
Anna feltarbeid(hytter, transport, brannvern,oppsyn fiske/småvilt m.m.)	110	70 070,-

Ein må diskutere i møtet kva nivå me meiner ein kan leggje seg på til neste år.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret fekk tilsendt forslag til tenestekjøp av FHas på mail dagen før møtet. Diskusjonen i møtet tok difor utgangspunkt i denne informasjonen:

	Inkl mva	Type arbeid
Timeprisar: 2026 (3,55% auke)	660	Felt
	478	Kontor
	830	Kontor ikkje ref

	Inkl mva		Inkl mva	
	2026		2025	
Røldal fjellstyre	Timar	Kostnad	Timar	Kostnad
Sekretariat	175	83650	175	80850
i ref. sekretariat	1	830	1	802
HF drift	127	60706	111	51282
Villreinjakttoppsyn	15,5	10230	16,0	10189
Anna feltarbeid(hytter, transport, brannvern, oppsyn fiske/småvilt m.m.)	160	105600	110	70070
SUM		261016		213193

Styret gjekk igjennom forslaget frå FHas. Det kom spørsmål om korleis den økonomiske situasjonen til fjellstyret ser ut til å vere i 2025. Leiar informerer om at det mest truleg kjem til å vere eit heilt greitt år, med eit lite overskot. Ein har dessverre ikkje full oversikt over alle utgifter per i dag. Det gjenstår også å få utbetalt ein del støttemidler. Ser ein isolert sett på inntektene frå reinsdyrjakta, så kjem dei til å ende på rett over 200 000 kr. Ein kan anta at dette vert omtrent likt for 2026, truleg ikkje høgare. Fjellstyret er samde om at det er uaktuelt å justere prisane på sal av verken jakt- eller fiskekort for å kunne forsvare eit høgare tenestekjøp. Ein greier heller ikkje sjå at det skal vere eit alternativ å auke inntektene frå hytteutleige.

Eit tenestekjøp på 261 000 kr vurderer fjellstyret soleis til å vere for høgt. Ein vil i så tilfelle vere avhengig av å få tildelt støttemidler til utvalde oppgåver. Per i dag vert det ikkje arbeid med nye søknadar om støtte.

På den andre sida så ynskjer fjellstyret å ha eit høgt aktivitetsnivå, og til dømes få rydda opp i gamle synder rundt omkring på statsallmenninga. Det er også viktig å få orden på stolar og hytter. Leiar understreker at det spesielt administrativt er eit betydeleg behov for avlastning. Kvartalsrapporten visar her eit betydeleg avvik mellom budsjett og faktiske tal for 2025.

Fjellstyret vurderar det slik at det er meir forutsigbart, både for FH og fjellstyret, om ein har ein jamn aktivitet frå år til år. Ein bør difor heller utsetje nokon prosjekter til seinare år, der dette er hensiktsmessig. Fjellstyret går igjennom dei prosjekta ein ser som viktigast å få gjennomført i 2026.

Vedtak (sak 36/25):

Røldal fjellstyre varslar eit behov for tenestekjøp slik som det framkjem av tabellen under:

	Inkl mva	
	2026	
Røldal fjellstyre	Timar	Kostnad
Sekretariat	130	62140
i ref. sekretariat	1	830
HF drift	120	57360
Villreinjaktoppsyn	15.5	10230
Anna feltarbeid(hytter, transport, brannvern,oppsyn fiske/småvilt m.m.)	100	66000
SUM		196560

Røldal fjellstyre forventar at følgjande arbeidsoppgåver vert prioritert innanfor Røldal statsallmenning i 2026:

- Branntilsyn fjellstyrehyttene + transport bos frå Vassdalseggja (max 20 timar)
- Opprydding Haukeli og Kaldevatnet (max 20 timar)
- Sommarsesong: Tøme utedass Eriksbu. Rydde bos ved Nedsta Longevotna. Fiskeoppsyn/fiskekultivering (max 20 timar)
- Asbestsanering (max 20 timar)
- Opprydding Verjesteinsnuten og/eller Stavsnuten(max 20 timar)

Det er ein føresetnad for Røldal fjellstyre at arbeidet (i så stor grad som råd) vert samkøyrte med anna oppsynsaktivitet i, eller nær, Røldal statsallmenning. Dette for å effektivisere drifta, og redusere transportkostnadane.

Sett i ljøs av dette, meiner fjellstyret at det er sett opp romslege tidsestimat til det planlagde arbeidet. Ein forventar at jakt og fiskeoppsyn vert utført parallelt når dette er hensiktsmessig. Eventuelle innsparte timar vert disponert etter nærmare avtale mellom FH og fjellstyreleiar.

I neste styremøte i FH skal Røldal fjellstyre argumentere for å redusere det budsjetterte talet for timar øyremerka HF-drift.

Samrøystes.



Buskerud fylkeskommune

Røldal Fjellstyre
5760 Røldal
Org. Nr.: 975 690 229

Røldal, 23.10.2025

Høyringsinspel til “Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda”

Høyringsutkastet til “Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda” tek utgangspunkt i kvalitetsnormen for villrein og er forankra i handlingsprogrammet til Regional plan for Hardangervidda. Føremålet med planen er å redusera negativ effekt av menneskeleg ferdsel i områder som er naudsynte for villreinen. Røldal fjellstyre støttar sterkt oppunder føremålet.

Ein gjer merksam på at innspelet frå Røldal fjellstyre i all hovudsak berre dreiar seg om tiltak foreslått innanfor Røldal statsallmenning, eller som direkte påverkar vår bruk av statsallmenninga.

Framlegg til felles sti- og løypeplan er basert på frivillig deltaking og gjennomføring, jamfør tiltaksplanen for Hardangervidda, noko me ser på som ei ulempa. Mange av tiltaka vil krevja omfattande juridiske vedtak, som igjen vil ta år å gjennomføra. Røldal fjellstyre forventar at Hardangerviddarådet vil arbeide for at dei juridiske vedtaka kjem på plass.

Røldal fjellstyre forventar at Hardangerviddarådet tek omsyn til lokal bruk og bruksrettar på Hardangervidda. Me viser spesielt til rettane fjellova gjev våre innanbygdsbuande.

Eit forbod mot fritidsfiske kan difor ikkje akseptrast. Røldal fjellstyre vil motarbeide eit slikt forslag så langt det lar seg gjere. På Røldal Statsallmenning er det Holmavatnet som er ein del av Kvennevassdraget.

Holmavatnet er også startpunktet for packraft-turane nedover vassdraget. Fjellstyret kan difor med stor sikkerheit stadfeste at omfanget av padlarar på Kvenna har auka betydeleg dei siste åra. Det har også teltarar langs elvestrekninga. Spesielt ved starten av Holmevatnet (ved Tyristein), er det fleire teltarar dagleg i juli og august. Teltleiren ligg dessverre i eit av dei naturlege trekkpassasjane over dalen.

Det same er tilfellet i Hedlevassfjellet. Ein opplever at det er mykje teltarar i naturlege trekkpassasjar. Til dømes i Sueskar, langs turiststien rett syd for Hedlevassbu. Inntrykket er at også talet på teltarar langs turiststien har auka dei siste åra.

Røldal fjellstyre ser soleis nytteverdien av å få juridiske verkemidler, som gjer det mogleg å regulere telting i utvalde områder i statsallmenninga. Det er viktig at eventuelle «teltforbudssonar» vert danna i samarbeid med fjellstyret og/eller grunneigarar.

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf. 481 03 170 - e-post: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: 482 70 778 – e-post: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Eit av måla med planen er å “ivareta de urørte områdene som villreinen bruker i dag på en slik måte at ferdsel og forstyrrelser ikke øker og forringer området”.

Å foreslå nyetablering av hytter mellom Valldalen og Lofthus kan ikkje akseptast. Dei siste åra har områda vore mykje brukt av villreinen i sommarhalvåret, også under kalving. Det er truleg få jaktvald på Hardangervidda som er i nærleiken av den fellingsprosenten som har vore på Røldal statsallmenning dei siste åra. Eit betydeleg tal dyr er felt i området kor det no vert foreslått å auke turisttrafikken betydeleg.


Røldal fjellstyre stiller seg bak forslag om speilvendingsprinsipp på kiting, sykling og hundekøyring i villreinområdet. Me kan likevel ikkje stille oss bak forslag om kitesone på Ulevåvatnet ved E-134. Det er lite att av trekkkorridoren mellom Setesdal-Ryfylke og Hardangervidda villreinområde. Dyrskar og Ulevåbotn er ein viktig del av det igjenvarande området. Det er årleg dyr i umiddelbar nærleik til området, som regel frå jul til jaktstart.

Langs E-134 er det mykje dagsturisme. Mange av desse er på toppstur, og oppsøker difor dei høge nutane som ligg i nærleiken ved vegen. Desse nutane er også særskild populære for bukkeflokkar, då dei har rikeleg tilgang til snø, og nye beiter heile sommaren. Døem på slike nutar er Stavsnuten, Store og Vetle Nup, Nupseggja og Sandfloeggja. Det er ikkje særleg tilrettelagt inn i desse områda. Turane er likevel godt markedsførte på UT.no. Ynskjer ein å oppnå god «kanaliseringseffekt», må også slike turar fjernast digitalt.

Eventuelle tiltak må gjennomførast på ein slik måte at ein kan evaluere dei etter ein 5-års periode. Ein må då ta stilling til om tiltaket skal videreførast. Eventuelle supplerande tiltak skal samstundes vurderast.

Me ynskjer å kome med ein kommentar til skiløypa som kjem fram i vedlegget «Oversiktskart kap 2.3 skiløyper». Bilete til høgre er eit kartutsnitt frå vedlegget.

Løypa er plassert på nordsida av Valldalsvatnet. Det er viktig å vite at traseen er særskild rasutsett frå Åsen til nordenden av vatnet. Ein bør difor vere varsom med å «kanalisere» folk inn i dette området.




Oppsummert:

Røldal fjellstyre kan stille seg bak forslag til Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda med fylgjande endringar:

- Det skal ikkje innførast fritidsfiskeforbud langs Kvennavassdraget
- Eventuelle teltforbudssonar i trekkpassasjer må vurderast i samråd med grunneigarar og/eller fjellstyrene.
- Ny turisthytta i randsona mellom Lofthus og Trolltunga skal ikkje etablerast
- Ny turisthytta mellom Trolltunga og Middalsbu skal ikkje etablerast
- Kitesone nord for E-134 vert fjerna
- Forslag om padleforbud erstattast med speilvendingsprinsipp også for padling.
- Rutene som er føreslegne nedlagt skal takast ut av kartet, og vekk frå UT.no.
- Ein må også fjerne umerka stiar frå UT.no.
- I denne omgang skal ein ikkje revegetera stiar inne på Hardangervidda.

mvh



Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar, Røldal fjellstyre



Klima- og miljødepartementet

Røldal Fjellstyre
5760 Røldal
Org. Nr.: 975 690 229

Røldal, 23.10.2025

Høringsinspel til «tiltaksplan etter kvalitetsnorm for villrein for Hardangervidda»

Røldal fjellstyre forvaltar bruksrettane innanfor Røldal Statsallmenning. Innanfor statsallmenning ligg om lag 4% av det totale arealet innafor Hardangervidda villreinområde.

Røldal fjellstyre visar til felles høyringssvar gjeve av Ullensvang, Eidfjord og Ulvik kommune. Fjellstyret stiller seg bak dette høyringssvaret i sin heilheit.

I tillegg ynskjer fjellstyret å kome med fylgjande merknadar på nokre lokale og arealspesifikke forhold direkte relevante for Røldal statsallmenning:

- Langs E-134 er det mykje dagsturturisme. Mange av desse er på topptur, og oppsøker difor dei høge nutane som ligg i nærleiken ved vegen. Desse nutane er også særskild populære for bukkeflokkar, då dei har rikeleg tilgang til snø, og nye beiter heile sommaren. Døme på slike nutar er Stavsnuten, Store og Vetle Nup, Nupseggja og Sandfloeggja. Det er ikkje særleg tilrettelagt inn i desse områda. Turane er likevel godt markedsførte på UT.no. Ynskjer ein å oppnå god «kanaliseringseffekt», må også slike turar fjernast digitalt.
- I **tiltak 56** – Alternativ 1 – vert det foreslått at det kan vere eit alternativ å etablere ein ny turiststi mellom Middyr og Nupstjørn. Frå ein lokal ståstad, er dette eit forslag som er uforståeleg. Vegen opp til Middyr er stengt med bom. Fjellstyret har dei siste åra fått innført eit «låseregime», som gjer at bommen berre kan opnast av regulanten (LYSE KRAFT DA) og villreinjegarar. Ein ynskja å redusere tilgangen til Middyr, då dette er eit særskild godt jaktterreng. Reinsdyra kjem ofte inn i dette området rundt juletider, og vert der til jakta byrjar. Området er høgareliggjande, og ikkje så gjestfritt. Reinsdyra likar seg difor særskild godt her. Dette kan ein dobbeltsjekke om ein ser på tilgjengelege historiske GPS-data. Å kanalisere turist inn i dette området, vil altså vere stikk i strid med sjølvne hensikten i tiltaksplanen.
- Røldal fjellstyre ynskjer å understreke ytterlegare at restureringstiltak (**tiltak 10**) må verte prioriterte. Langs E-134, innanfor Ullensvang kommune, tilhører det meste av bygningsmassen Røldal fjellstyre. Dette er hytter og bygg som fjellstyret vil stille seg positivt til å fjerne, om ein nyttar høvet til å fjerne E-134 vekk frå det same området. Ein vil då syte for at dei to største villreinområde i Norge vert samanhengane. Truleg finst det ingen naturrestaureringstiltak som har det same potensialet i Norge.

mvh

Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar, Røldal fjellstyre

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf. 481 03 170 - e-post: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: 482 70 778 – e-post: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Klima- og miljødepartementet

Røldal Fjellstyre
5760 Røldal
Org. Nr.: 975 690 229

Røldal, 23.10.2025

Høyringsinnspel til «tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og SA villreinområder»

Røldal fjellstyre forvaltar bruksrettane innanfor Røldal Statsallmenning og delar av Breifonn Statsallmenning. Begge heilt nord i villreinområdet.

Røldal fjellstyre visar til høyringssvar gjeve av Ullensvang kommunestyre (vedtak datert 20.oktober 2025). Røldal fjellstyre stillar seg bak dette i sin heilheit.

Fjellstyret ynskjer i tillegg å kome med følgjande tilleggsinnspel:

- Langs E-134 er det mykje dagsturturisme. Mange av desse er på toppstur, og oppsøker difor dei høge nutane som ligg i nærleiken ved vegen. Desse nutane er også særskild populære for bukkeflokkar, då dei har rikeleg tilgang til snø, og nye beiter heile sommaren. Døme på slike nutar er Sveigen, Kistenuten og Vassdalseggja. Det er ikkje særleg tilrettelagt inn i desse områda. Turane er likevel godt markedsførte på UT.no. Ynskjer ein å oppnå god «kanaliseringseffekt», må også slike turar fjernast digitalt.
- Tilsvarande «problematikk» har ein inn anleggsvegen inn Blåbergdalen. Vegen er eit utgangspunkt for dei som til dømes vil opp på Breifonna.
- Røldal fjellstyre ynskjer å understreke ytterlegare at restureringstiltak (**tiltak 10** og/eller **tiltak 75**) må verte prioriterte. Langs E-134, innanfor Ullensvang kommune, tilhøyrer det meste av bygningsmassen Røldal fjellstyre. Dette er hytter og bygg som fjellstyret vil stille seg positiv til å fjerne, om ein nyttar høvet til å fjerne E-134 vekk frå det same området. Ein vil då syte for at dei to største villreinområde i Norge vert samanhengane. Truleg finst det ingen naturrestaureringstiltak som har det same potensialet i Norge.

mvh

Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar, Røldal fjellstyre

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf. 481 03 170 - e-post: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: 482 70 778 – e-post: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no